

- For eit heidundrande fjell!

03.04.2015



Imponerte og begeistra på toppen: Bjørn Ole Haugsgjerd, Tom Salamonsen og Erlend Rongen

Orda i overskrifta var noko av det første Erlend Rongen frå Bolstadøyri sa då vi snakka med han etter at han og 3 venner frå paraglider-miljøet hadde hatt ein dag med flotte opplevingar knytta til Ulvanåso. Etter å ha gått opp i samla tropp valde dei ulike nedfart. 2 tok luftvegen ned, medan tredjemann rende på ski.



Salamonsen og Haugsgjerd på veg opp.

Då vi snakka med dei etter landing langfredag i kveldinga, var dei fulle av lovord om Ulvanåso og andre fjell rundt i Kvinnherad. Dette var eit perfekt område for alle som driv med paragliding, vart det sagt. Dei to som tok luftvegen ned att var Erlend Rongen og Bjørn Ole Haugsgjerd. Sistnemnde som er busett i Bergen,

viste seg å ha budd sine første år på Seimsfoss før familien flytta til Tysnes. Mari-Anne Aanes frå Årdal i Sogn og Tom Salamonsen frå Alta var også med på turen. Salamonsen skreid på ski ned att.

Dei 4 starta turen innover Døslandsheia i halv tre-tida. Etter at dei hadde vore til topps på Geitadalstinden, starta Rongen og Haugsgjerd luftferda frå staden der Snøgåsa ligg når snøen rundt er borte. Rongen brukte ein liten paraglidertype, kalla speed-glider. Han fauk til og med ned med ski på beina. Haugsgjerd hadde ein stor paraglider og fekk såleis ei lengre luftferd.

Begge desse paragliderane er av det lette slaget, og det er nødvendig når utstyret skal berast opp. Rongen sin veg 5-6 kg, medan utstyret til Haugsgjerd er om lag 10 kg.



[Bjørn Ole Haugsgjerd nærmar seg landing.](#)

Mari-Anne er også ein svært aktiv paraglider-flygar, men ho fortalde at hennar utstyr var for tungt å bera opp. Ein vanleg paraglider er ca. 20kg. Ho fortalde også at ho skulle ha kurs om eit par veker, og ho hadde sett fleire plasser her som var veldig godt eigna til kurs.

Eit par veker etter påske er det klart for klubbtreff i klubben deira, Hardanger Paragliderklubb, med Dønhaug Gjestegard som base. Den helga ser dei fram til. Det pleier å vera svært vellukka. Då vert det mange luftige paraglider-ferder. Nokre startar heilt sikkert på Kviteggjo i Omvikdalen som er svært mykje nytta, men dei hadde også lagt merke til mange andre veileigna plasser.

- Heile området passar veldig godt for paragliding, seier Haugsgjerd som var den einaste som hadde vore på Ulvanåso tidlegare.

- Vi kjem tilbake, det er 100% sikkert, var dei 3 einige om under samtalen som var medan Tom Salamonsen framleis var på veg ned fjellsida på ski.





Haugsgjerd like etter landing på flaten nedanfor Storebru.



For ein utsikt! Bjørn Ole Haugsgjerd



Ned frå toppen.



Tydeleg begeistra! Erlend Rongen.





Fornøgde karar og herleg utsikt.



Vi kjem garantert tilbake: Erlend Rongen(f.v.), Bjørn Ole Haugsgjerd og Mari-Anne Aanes.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Erlend Rongen og Thor Inge Døssland.